

Alversund mållag

v/leiar

Alversund 24.02.2021

Til

Alver kommune

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Høyringsuttale: Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune – NY
BEHANDLING**

Styret i Alversund mållag har drøfta saka i møte 23.02.2021, og vil gje slik høyringsuttale:

- Det er svært positivt at Alver kommune vil gje heider, anerkjenning og inspirasjon til kultur, idrett og frivillig innsats gjennom årlege pristildelingar.
- Tre jamstilte prisar er eit gode, då det ikkje vektar innsats på eitt felt opp mot eit anna. Alver kommune vil gjennom sjølve markeringa og gjennom grunngjevingane stadfesta den statusen prisane skal få.
Det er i saksorienteringa peikt på at «denne løysinga ikkje (vil) gje rom for ekstraordinær anerkjenning». Styret i Alversund mållag meiner at denne årlege pristildelinga først og fremst skal femna «særskild innsats» innan det breie og vedvarande gode arbeidet på dei tre områda. Det vil også inkludera kandidatar som gjennom innsatsen sin også har nådd langt ut over kommunen sine grenser. Dersom Alver kommune ønskjer å kunna gje ei ekstraordinær anerkjenning i heilt særlege høve, bør det kunna skipast ein eigen «heiderspris», med eigne retningsliner og jury.
- Retningslinene for prisane (jf. saksframlegg til utvalsmøtet 10.11.2020) er godt harmoniserte, og viser gjennom det at prisane er jamverdige.
- Retningslinene for Kulturpris og for Idrettspris - §2 - kan tolkast slik at kultur- og idrettsinnsats heime i vår eigen kommune er sidestilt med det «å gjere Alver kommune kjend elles i landet». Styret i Alversund mållag bed utvalet vurderer nøyte om ei slik sidestilling er ønskjeleg.

Styret i Alversund mållag ønskjer Alver kommune lukke til med dette viktige arbeidet.

Karin Monstad

leiar